

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 24.05.2017
FRÅ : Kst. Administrerende direktør Ola Rye
SAKA GJELD: **Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Sjukehusapoteka Vest HF**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 026/17

STYREMØTE: 01.06.2017

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Vedtekter for sjukehusapoteka Vest HF
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- SAV Styringsmodell
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
- Fullmaktsmatrise
- Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
- Konsept for intern kontroll i Helse Vest
- Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest

Oppsummering

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Dei styrande dokumenta som er lagt ved denne saka inkluderer, i tillegg til dei styrande dokumenta som vart lagt fram for styret i tilsvarende sak i 2016 (Sak 02416), eit dokument som omhandlar SAV sin styringsmodell. Dette dokumentet er ferdigstilt i 2017 som ei formalisering av verksemd og prosess-styring i føretaket med formål om å tydeleggjere prinsippa i apoteklova med omsyn til eigar sin styringsrett og rolledeling mellom Apotekkonsesjonær (administrerande direktør) og Driftskonsesjonær (apotekar), samt vise korleis SAV legg opp verksemdstyringa for å etterkome krav i ny forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenesta (frå 1.1.2017).

I sak 02416 bad styret administrasjonen i dialog med eigar vurdere å oppdatere vedtekter pkt. 5. andre avsnitt, pkt. 2 samt oppdatere tal styremedlemmer i Styreinstruks pkt. 2 og i tillegg påføre revisjonsdato i dokumenta. Dokumenta er endra og vedtekter sendt til handsaming i føretaksmøtet. Føretaksmøtet har enno ikkje handsama endringa. Det er ut over dette ikkje gjort endringar i styrande dokument sidan sist gjennomgang i styret (sak 02416).

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som skulle tilseie at det er behov for revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument.

Fakta

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Det er lova om helseføretak saman med anna lovverk knytt opp mot helsetenester og apotek, som utgjer det overordna rammeverket for sjukehusapotek i spesialisthelsetenesta.

I tilknytning til opprettinga av helseføretaket har eigar fastsett vedtekter. Vedtektene for Sjukehusapoteka Vest HF blei sist endra i føretaksmøte 20. februar 2014. Vedtektene sitt punkt 5. andre avsnitt, pkt. 2 er føreslege endra etter innspel frå styret (Sak 02416) sjå vedlegg 1. Forslag til endring er frå (sitat); *Drive detaljsalg av legemidler til sykehusenes brukere og ansatte*, til ny tekst (sitat); *Drive detaljsalg av legemidler og andre apotekvarer til sykehusenes brukere og ansatte*. Føretaksmøtet har enno ikkje handsama endringa.

Med bakgrunn i Helse- og omsorgsdepartementet sin rettleiar om «Styrearbeid i regionale helseføretak» har Helse Vest utarbeidd rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak» (Vedlegg 2). Rettleiaren rettar seg spesielt mot god rolleforståing og god rolleutøving i styrearbeidet, men

er og retta mot samfunnsansvar, krav til etikk og det praktiske styrearbeidet. Rettleiaren er sist oppdatert i 2011.

Helse- og omsorgsdepartementet har i føretaksmøte 12. januar 2016 understreka at spesialisthelsetenesta skal rette seg etter krav og føringar som følgjer av regjeringa si eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014) (ikkje vedlagt her, men kan finnast på <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Meld-St-27-20132014/id763968/>

I dokumentet er det gjeve ein omtale av eigarskapspolitikken til Stortinget inkludert prinsippa for leiarløn . «*Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel*» som framleis er gjeldande (Vedlegg 3).

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav om at styret i regionalt helseføretak skal fastsette ein instruks for styret og ein instruks for administrerande direktør. På lik linje er det, som eit samarbeid i Helse Vest om hovudinnhald, utarbeid Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF (Vedlegg 4) og Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF (Vedlegg 5).

Stryreinstruks er endra etter innspel frå styret (sak 024/16) med omsyn til at tal styremedlemmar i avsnitt 2 er endra frå 10 til 9 medleamar samt at tal styremedlemmer som blir oppnemnde av føretaksmøtet er endra frå 7 til 6.

Når det gjeld «Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF» punkt 4.7 femte ledd; «*Administrerande direktør skal gjennom samarbeid og dialog med pasient- og brukarorganisasjonar sikre brukarmedverknad i samsvar med § 35 i helseføretakslova og vedtektene*», er det viktig å merke at Sjukehusapoteka Vest, avstemt med Helse Vest RHF, ikkje har etablert eige brukarutval, men sikrar relevant brukarmedverknad gjennom å nyttegjere seg regionalt brukarutval og brukarutval knytt til det einskilde sjukehusføretak i regionen.

SAV har gjennom arbeidet med nytt verksemdstyringsystem sett behovet for å formalisere korleis leiarar og medarbeidarar skal forstå oppbygging av verksemd og prosess-styring i føretaket. Dette er no gjort i dokumentet «SAV styringsmodell»(vedlegg 6) og vert lagt fram for styret til orientering. Føremålet med dokument er å beskrive og tydeleggjere prinsippa i apoteklova med omsyn til eigar sin styringsrett og rolledeling mellom Apotekkonsesjonær (administrerande direktør) og Driftskonsesjonær (apotekar) i den styringsmodellen som er etablert i føretaket), samt vise korleis SAV legg opp verksemdstyringa for å etterkome krav i ny forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenesta (frå 1.1.2017).

«Styrande dokument til Fullmaktsmatrise» (Vedlegg 7) og Fullmaktsmatrise for leiarar på nivå 1, 2 og 3. (Vedlegg 8) er uendra sidan sist styret handsama styrande dokument (Sak 02416).

Helse Vest reviderte «Etske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest» (Vedlegg 9) i 2012. Sjukehusapoteka Vest har i si HMS-handbok utfyllande og beskrivande etiske retningslinjer spesifikt knytt til aktuelle fagområder/ problemstillingar i Sjukehusapoteka Vest, men disse bygger tett på «Etske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest». Føretaket har etiske retningslinjer oppe i formelle fora med tilsette sine representantar ein gong per år sist i FAMU den 18.mai i år og i SAV leiarmøte den 23.mai i år.

Helse Vest utvikla i 2008 et konsept for internkontroll (vedlegg 10) og retningslinjer for risikostyring i Helse Vest i 2009 (vedlegg11). Retningslinjer for risikostyring har seinare vore revidert fleire gongar og seinast i 2013. SAV legg til grunn desse dokumenta i sin verksemdstyring og ved fastsetning av årlege risikostyringsmål og periodisk rapportering av risikovurdering (per tertial til styret og som del av årleg melding til Helse Vest).

Kommentarar

Fleire av dei ovanfor nemnde styrande dokument er fastlagd av eigar eller i eit samarbeid med eigar/ andre føretak i regionen, og er difor i mindre grad mogeleg for styre å einsidig endre, men dei kan påverkast med innspel/ på førespurnad.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som skulle tilseier at det er behov for revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument en de som er nevnt i saka.

Konklusjon

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor anbefaler administrasjonen at styret vedtek vidareføring av dei framlagde dokumenta.

Vedlegg

1. Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF
2. Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
3. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
4. Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
5. Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
6. SAV Styringsmodell
7. Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
8. Fullmaktsmatrise
9. Etske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
10. Konsept for intern kontroll i Helse Vest
11. Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest